



## Informasjon til føresette og ungdommar om ungdataundersøkinga i Ørsta 2019

I 2019 blir ungdataundersøkinga gjennomført i Ørsta kommune blant elevar i den vidaregåande skulen. For at undersøkinga skal gje eit godt bilete av situasjonen i Ørsta, er det viktig at så mange som mogleg deltek.

### HER FÅR DU INFORMASJON OM:

- **FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA**
- **KVA VI SPØR OM**
- **KORLEIS UNDERSØKINGA BLIR GJENNOMFØRT**
- **TID OG STAD FOR UNDERSØKINGA**
- **FRIVILLIGHEIT OG PERSONVERN**
- **KONTAKTINFORMASJON**

### FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA

- Gje ungdommar som går på vidaregåande skule i Ørsta ei moglegheit til å fortelje lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å vekse opp i lokalmiljøet.
- Skaffe ny kunnskap om ungdommen sine oppvekstvilkår til bruk i kommunen og fylket sitt arbeid med denne aldersgruppa.
- Gjere det mogleg å samanlikne kommunen med andre kommunar og nasjonale tal, og bidra til forskning.

### KORLEIS BLIR UNGDATA GJENNOMFØRT?

- Det er sett av éin skuletime til å svare på undersøkinga.
- Undersøkinga blir gjennomført elektronisk ved at ein loggar seg inn på svarsida til Ungdata med ein tilfeldig eingongskode.

### KVA VI SPØR OM I UNGDATA

- Forhold til skulen, venner og foreldre
- Fritid og fritidsaktivitetar
- Helse, trivsel og livskvalitet
- Mobbing
- Seksualitet
- Regelbrot, vald, rusmiddelbruk
- Utdanningsnivået, den økonomiske situasjonen, landbakgrunnen og busituasjonen til foreldra

Du kan få tilsendt det fullstendige spørjeskjemaet ved å kontakte Kompetansesenter rus - Midt-Norge (KoRus-Midt).

### TID OG STAD FOR UNDERSØKINGA

Undersøkinga går føre seg på skulen i løpet av veke 8 til 10.

### DET ER FRIVILLIG Å DELTA

- Undersøkinga er frivillig, og dei som svarer, kan hoppe over spørsmål dei ikkje ønskjer å svare på.
- Føresette kan reservere seg mot at barna deira skal delta ved å gje melding til kontaktlæraren.

### PERSONVERN

- Deltakarane sine svar vil bli behandla konfidensielt. Det vil seie at berre forskarar og rådgjevarar i prosjektet og firmaet som registrerer dei elektroniske svara, vil få tilgang til svara.
- Det vil ikkje vere mogleg å kjenne att nokon som har svart når resultatata frå undersøkinga blir offentleggjorde.
- Forskingsdata som inneheld moglege indirekte personopplysningar, vil bli oppbevarte på eit sikkert område fram til utgangen av 2023. Etter det vil alle opplysningane bli anonymiserte.
- Ungdataundersøkinga er godkjend av personvernombodet ved OsloMet (personverombudet@oslomet.no).
- Datasettet vil ikkje innehalde direkte personopplysningar, og det vil difor heller ikkje vere mogleg å få ein deltakar sine data retta eller sletta i etterkant av undersøkinga.
- NOVA behandlar opplysningane basert på samtykke frå deltakarane.

### ANSVARLEGE FOR UNDERSØKINGA.

Undersøkinga blir gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet og KoRus-Midt på oppdrag frå Ørsta kommune.

### KONTAKTINFORMASJON

Kontaktperson i kommunen:  
Folkehelsekoordinator Ingvild Endal tlf: 917 65 389, e-post: ingvild.endal@orsta.kommune.no.  
Kontaktperson ved KoRus: Rådgiver Kolbjørn Gjære tlf: 950 34 148, e-post: kolbjorn.gjere@stolav.no.